



TEKSTILINDUSTRI-  
MUSEET

M U  
H O

# Årsmelding 2022



## Innleiing

Starten på 2022 var prega av den siste pandemi-bølgja, og i etterkant av det har utfordringane stått i kø for TIM, med utfordringar i høve til løyvingar til FDV-arbeid, bemanning og straum. Med dette som bakteppe har vi likevel fått utretta utruleg mykje, og kome ut at 2022 med eit godt resultat.

Vi er klar over at 2022 har bydd på slitasje på personalsida. Vi har hatt så knappe personalressursar til rådvelde at vi t.d. ikkje har klart å følgje opp «onboarding» i tråd med MUHO sine retningslinjer, fordi dei nyttilsette måtte stå i den daglege drifta med formidlingsoppgåver o.l.

Fleire tilsette har hatt arbeidsbyrde i tyngste laget gjennom heile eller deler av 2022, og det vil difor vere spesielt viktig å ha fokus på å ivareta dei tilsette og arbeidsmiljøet i tida som kjem.

Vi ver fram til å få ein permanent avdelingsleiar på plass tidleg i 2023.

Vi finn det naudsynt å kommentere nokre av utfordringane på personalsida:

Ved tildeling av midlar over Post 72 i 2022 fekk TIM kutt i lønsmidlane til handverkarar. Kuttet tilsvara ca. 0,4 årsverk. Tildelinga kom fyrst i slutten av april, noko som gjorde at 4 mnd. av årsverket allereie var brukt. BM søkte sommaren 2022 om permisjon frå jobben på TIM for å prøve seg i ein jobb hjå Hiba Hus. I november 2022 sa BM opp stillinga si hjå TIM, og uvisse rundt lønsmidlar/stillingsstorleik var truleg ein medverkande faktor til avgjerda. For å få gjort mest mogeleg av det planlagde arbeidet, har vi fått leigd inn Jan Otto og Kjersti Linn frå LHS i perioden 17.okt.-jul. Vi har også leigd inn Marius frå OM i same tidsrom til oppstart av arbeidet med det framtidige utleigelokalet på Kveldheim.

I mars/april lyste vi ut tre 7 % guide-stillingar, med oppstart mai 2022. I tillegg til desse tre tilsette vi også ein sommarvikar for juni–juli–august. I juni 2022 sa SCG (tilsett sidan våren 2021) opp si stilling som guide (7 %), og i juli sa ein av dei nye guidane opp si 7 % stilling. Desse to guidane er ikkje blitt erstatta i løpet av 2022.

Avdelingsleiar sa opp si stilling i slutten av mai, med verknad frå 15. august, men i praksis frå og med ferieavvikling frå månadsskiftet juni/juli. ABA vart konstituert leiar frå 1. aug. Utlysing etter ny avdelingsleiar skjedde tidleg i august, men prosessen vart grunna uvisse rundt straumkostnader stoppa. MUHO innførte tilsetjingsstopp i ein periode. Prosessen vart sett i gang att seint i november, og ny avdelingsleiar, Inger Lena Gåsemyr, vart tilsett før jul med oppstart 1. februar 2023. I tillegg har fleire tilsette vore heilt eller delvis sjukemelde i veker og månader. Alt dette samla har sjølvsagt gjort til at det ikkje har vore mogeleg å nå alle målsetjingar.

----

Salhus, 09.02.2023

Anneli Belsvik Aras

konstituert avdelingsleiar Tekstilindustrimuseet (1.august 2022 til 31.januar 2023)

*Foto framsida: Øvst f.v. foredrag under arrangementet «Refashioning the future», verk frå utstillinga Stemmer: «Lamella 1» av Daniela Bergschneider, skjerv frå museumsbutikken, arbeid med golv i karderiet, Fabrikbygg 1910.*

## Tilsette i 2022

- Ann Kristin Ramstrøm, avdelingsleiar (fram til 15.august)
- Anneli Belsvik Aras: nestleiar, formidlar og kurator Galleri Salhus, konstituert avdelingsleiar f.o.m. 1.august.
- Ingrid Haugrønning: formidlingsleiar
- Hanne Dale: samlingsleiar
- Trond Oddekalv: driftsleiar og handverkar
- Bjørnar Myklebust: handverkar (i permisjon frå 1.september)
- Geir Arne Tverlid: maskinteknikar
- Siri Angela Gamborg: produksjonsansvarleg, museumsbutikk og formidlar
- Ellen Marie Risbruna: marknadsføringsansvarleg, formidlar og festivalleiar (i permisjon frå august)
- Sascha Camilla Gade: guide og prosjektmedarbeidar Bergen Strikkefestival (31.juli)
- Abdelkarim Mohamed Gadle: reinhaldar (i permisjon fram til 9.mai og frå 1.desember)
- Liudmila Karpenka: reinhaldar (vikar fram til 6.mai og frå 1.desember)
- Agnes Hoshovde Bernes: vikar for Ellen Marie Risbruna (frå 20.juni)
- Cecilie Straagaard: vikariat formidling (frå 1.august)
- Ildrid Reither Børte: guide (til april)
- Tina Athari: guide (til 1.februar)
- Ida Westberg: guide
- Katinka Helland (guide frå mai )
- Ine Sofi Haaland (guide frå mai)
- Sander A. Fjærestad (guide frå mai til- 15.august)
- Helma Kristine Rønhovde: kaféhjelp
- Gabriella De Battista Kvamme: sommarvikar formidling og kafé (mai-august)
- Sommarvikar, bygg: Maja Kojan Bøe (mai-juni)



*Foredrag med Trine Fløtre på Strikkelaurdag, eit mindre arrangement tenkt for noko av det same publikummet som besøker Bergen Strikkfestival.*

## Formidling

*Mål frå KUD-søknaden 2022: Med ei spissa formidling bygd på kvalitet vert MUHO meir synleg og relevant. Vi skal styrke arbeidet retta mot barn og unge, arbeide med berekraft og bli meir inkluderande og tilgjengelege. MÅL PÅ TIM: Vi skal halde fram å styrke skuletilboda og fornye dagens materiale som legg grunnlaget for omvisingane vi tilbyr. Vi skal setje ned ei gruppe som skal sjå på korleis me kan arbeide fram eit tilbod til publikum som kan vere eit supplement til guida omvising i fabrikk som skal opnast haust 2022 eller vår 2023. Sjå elles [formidlingsplanen](#).*

Også i 2022 var museumsbesøka fram til sommaren er prega av koronarestriksjonane, men etter sommaren har turistane kome tilbake som normalt. Skulebesøka blei dessverre prega av streik i avgjerande veker, men det var gledeleg å endeleg kunne ønske velkommen cruisegrupper til museet, etter at mange av desse vart avlyste både i 2020 og 2021. Det vart arrangert to strikkekurs i 2022 med amerikanske turistgrupper med god inntening, og eit svært vellukka seminar om tekstil, berekraft og forbruk, *(Re)fashioning the future*, i samarbeid med UiB, og med støtte frå Fritt ord. To tilsette på TIM arbeidde med å lage filmar til formidling i MUHO.

Frå seint i mai og ut august heldt vi museet ope på laurdagar, dette var greitt å kombinere med cruisebesøk som hadde planlagde anløp også laurdag og søndag. Ikkje alle gruppene var like store,

men alle har betalt for minimum 15 besøkande, og berre eit par blei avlyst grunna for få interesserte. Cruisegruppene kjem rett før eller etter ordinær opningstid, og krev litt logistikk og ein ekstra hjelpar i kafeen, men dei har lagt att rikeleg med pengar både i butikken og som kjøparar av ein pakke med omvising og kake/kaffi. Om hausten var det nokre cruisebesøk, og vi fekk inn nye bestillingar for perioden januar–september.

I sommarsesongen (skuleferien) var museet vore ope tysdag–sundag, med dei same tidspunkta kvar dag: 12–17. Det er ryddig for publikum. Om hausten var særleg søndagane populære museums dagar. Det var mykje utskiftingar i formidlingspersonalet i 2022. I mai fekk vi tilsett tre nye omvisarar og ein sommarvikar, som på kort tid fekk sette seg inn i det varierte arbeidet det er å drive både kafé og formidling for eit særleg varierende publikum. I tillegg blei det tilsett vikarar i formidlinga. Det var stort fokus på opplæring av fagleg innhald og innkøyring av gode rutinar etter sommaren.

30. oktober fekk vi gjennomført første runde med tolka omvising, med prosjektmidlar frå Bergen kommune. Vi oppretta kontakt med den Ukrainske foreininga i Bergen, og det vart to tolka omvisingar for vaksne og ein for barn. Til saman deltok 57 vaksne og 23 barn denne dagen. I haustferien brukte mange barnefamiliar aktivitetsbordet med “bygg Salhus i miniatyr”, og vi opplever at dei er veldig nøgde med aktivitetsbord og barneomvising. Elles var det ein roleg periode fram mot jul. Strikkekafeen med Skogstrikk design vart avlyst og erstatta med strikkesalong.

BESØK	2019	2020	2021	2022
januar	351	355	0	92
februar	660	394	175	370
mars	369	137	201	697
april	360	0	176	624
mai	679	65	94	532
juni	670	269	236	562
juli	298	264	210	561
august	437	290	248	723
september	2075	431	443	391
oktober	687	605	1280	749
november	585	14	504	443
desember	229	69	98	266
<b>SUM</b>	<b>7400</b>	<b>2893</b>	<b>3665</b>	<b>6010</b>

## Undervisning

I 2022 kom endeleg skuleklassane tilbake, og det vart ein travel vår for formidlingsavdelinga. Det nye formidlingsopplegget Escape Box for bruk i MUHO har vore populært og engasjerande for elevane, men krev òg mykje for- og etterarbeid. På forsommaren måtte vi diverre avlyse og takke nei til ein del skuleklassar grunna sjukemeldingar og vanskar med å skaffe kompetent personale, og om hausten fall streik i Unio på eit uheldig tidspunkt som råka fleire planlagde skulebesøk. Om hausten prioriterte vi difor nokre veker til å ta dei store skulebesøka med ekstra aktivitetstilbod som Escape-boks og eit rollespel i regi av/samarbeid med FN-sambandet, og tok elles berre imot ein skuleklasse i veka. MUHO sende ein felles søknad til DKS om støtte til vidareutvikling og gjennomføring av Escape-boks som tilbod til neste skuleår (2023/24). Vi har hatt fleire små grupper med barnehagar som kjem for å lage tråd av ull og leite etter Bændik i fabrikk. I desember var det fire skulebesøk, og ein klasse deltok på Escape-boks.

## Planlagt fagleg arbeid:

Grunna sjukmeldingar i stab som ikkje har blitt erstatta i drift av ope museum, er arbeidet med å opne spoleloftet sett på vent til over nyttår sett i lys av den totale bemanningssituasjonen.

## Arrangement

- 20.2 – **Utstillingsopning** Kristen Keegan (GS) og Ida Westberg (kafé)
- 22.02. **Strikkekafé:** Fjord Fibres
- 10.03. **Barselomvising/treff**
- 28.02.–04.03. **Vinterferie:** barneomvising og aktivitet
- 29.03. **Strikkekafé:** Vaid plantefargereri
- 03.04. **Utstillingsopning** i GS: KMD: Textiles
- 07.04. **Barselomvising/treff**
- 11.04.–18.04. **Påskeferie:** barneomvising og aktivitet
- 24.04. **(Re)fashioning the future**
- 29.04. **Strikkeworkshop** med Vogue Knitting/Travcorp UK Ltd
- 12.05. **Barselomvising/treff**
- 15.05. **Utstillingsopning** Stemmer/ Voices (GS) Gunnar Thorsen (kafé)
- 21.08. **Utstillingsopning** Cato Løland og Petra Rahm (GS) og Silje Bergsvik (kafé)
- 24.09. **Strikkedkurs**
- 01.10. **Strikkelaurdag**
- 13.10. **Smykkeverkstad med Silje Bergsvik.** Støtta av Bildende Kunstneres Hjelpesfond (BKH).
- 25.10. **Strikkekafé + utstillingsopning på Spoleloftet,** Ullveka. Karin F. Svarstad: «fåredrag» på strikkekaféen, og Anna Gran opna utstilling med tova arbeid på Spoleloftet.
- 26.10. **Kurs med Anna Gran på syloftet,** i regi av Ullveka og Sommerakademiet.
- 28.10. **Ullruta.** Ullveka.
- 30.10. **Omvising på ukrainsk.** Støtta av Bergen kommune: barne- og ordinære omvisingar
- 30.10. **Foredrag i kafeen m/ Åsane historielag,** Kulturfest Åsane
- 06.11. **Reparasjonsverkstad,** Kulturfest Åsane
- 13.11. **Veve-workshop med Ida Westberg.** Støtta av BKH
- 27.11. **Opning av julebutikk og gratis søndag.** (Tenning av julegrana i Salhus kl. 17.)
- 29.11. **Strikkesalong,** erstatning for planlagt strikkekafé når programmet blei avlyst.
- 03.12. **Juleklipp,** lukka førjulsarrangement for familiar med tolk på ukrainsk. Enkel servering og aktivitetsbord med tillaging av julepynt. Støtta av Bergen kommune
- 11.12. **Julemarknad i kafeen**
- 13.12. **Luciakveld med låge skuldrer:** open butikk og marknad i kafeen, sal av lussekattar og gløgg

## Utstillingar i Galleri Salhus

6



M U  
H O

- **Clouded flowers. Kristen Keegan (20.02.-27.03.)**  
Opningstale ved ABA. Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthåndverk kjøpte inn «Flowers in the sky tumble in all directions» frå denne utstillinga til KODE si samling.
- **KMD: Textiles 2022 (03.04.-01.05.)**  
Verk frå 12 studentar som på ulike måtar jobbar innan det tekstile fagområdet, i årets utstilling tematiserte fleire skeiv kultur. Opningstalar ved ABA og professor i tekstil Tim Parry-Williams frå KMD.
- **Stemmer. Daniela Bergschneider, Gro De-Martine og Kwestan J. Bawan (15.05.-07.08.)**  
Opningstale av kunstnar og kunsthistorikar Silje Heggren, godt oppmøte på opninga. «Hold on» av Gro De-Martine vart seld til ein privatperson på opningsdagen. Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthåndverk gjorde innkjøp av eitt verk av Daniela Bergschneider til Nasjonalmuseet og eitt verk av Kwestan J. Bawan til KODE.
- **Reservoar - Cato Løland og Spor- Petra Rahm (21.08.-02.10.)**  
Løland undersøker m.a. kropp som rom/rom som kropp, og tekstilet sitt skulpturelle potensiale, og Rahm viste tekstile arbeid, kollasjar og tekst, i dialog med staden.
- **SS23. Tonje Plur (16.10.-13.12)**  
Opningstale av Tim Parry-Williams. Strikkeklubben laga ein podcast-episode om GS og Tonje Plur si utstilling – [høyr den her!](#)
- **Av den vita ullen, Anna Gran (25.10.-06.11.) – på spoleloftet**  
Utstilling i samband med Ullveka og Kulturfest Åsane.



Frå utstillinga SS23 av Tonje Plur. Foto: Thor Brødreskift.



Frå utstillinga Stemmer i Galleri Salhus. Fremst ser vi verk av Daniella Bergschneider. Foto: Thor Brødreskift.

### I kafémonteren

- **Speglingar.** Ida Westberg (20.02.-27.03.) biletvev, keramiske objekt og plantefarga silke.
- **KMD (03.04.-01.05.)** arbeid frå eit kurs om tekst på T-skjorter.
- **Keramiske Objekt.** Gunnar Thorsen (15.05.-07.08.) Objekt inspirert av industri/maskiner. TIM kjøpte inn to verk frå utstillinga.
- **Fargesprak – Glimt av sommar.** Silje Bergsvik (21.08.-02.10.). Smykke.
- **Anne Djupvik Andersen/Weave me Away (16.10.-13.12).** Vev. 3 arbeid vart selde til private kjøparar

Alle utstillingane i 2022 vart dokumenterte av profesjonell fotograf, Thor Brødreskift.



# Forvaltning: samlingsforvaltning

*Mål frå KUD-søknaden 2022: MUHO skal ha godt oversyn over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege. Museet skal prioritere i eksisterande samlingar for å gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.*

Prioriterte gjenstandar er flytta til fellesmagasin, og det er rydda og registrert i to lagerlokale (1. etg. skuret og Dale). Dette har gitt meir nøyaktige gjenstandstal for desse lokala, og betre orden, oversyn og dokumentasjon. Elles har avdelinga hatt fokus på digitalisering av gjenstandar utan foto, og vi har nådd målet om to månadsverk sett av til denne typen samlingsarbeid og tilgjengeleggjering på nett gjennom samlingsgruppa/strategiprojekt. Det er utført felles arbeid gjennom samlingsgruppa i MUHO og i felles faglege forum for samlingsforvaltning i Vestland. Vi har arbeidd vidare med gjenstandar til Arbeidarbustad 1860, med oppfølging av arbeidet med å opne opp spoleloftet for publikum, og på tvers i Vestland med datasett i KulturNav. Det har vore minimal tilvekst i løpet av året, men arbeidet som er gjort har blant anna vore med på å betre oppbevaringsforholda for ein del av gjenstandane våre.

## Maskinparken

Frå sommaren har vi hatt ekstra innleige til hjelp med maskinparken, med støtte frå post 72. Det gjer at vi kan setje i stand nye maskiner vi elles ikkje har kapasitet til å arbeide med, kjem godt med i det praktiske arbeidet, og gjev fagleg utbytte for vår faste maskinmekanikar. Fleira av maskinene hadde stått lenge stille, og mange må demonterast før ein gjer dei rein og set dei saman att. I tillegg til vanleg vedlikehald og køyring av maskiner, har vi blant anna arbeidd med desse maskinene i 2022:

- sokkestrikkemaskin (nr. 53135) som tidlegare hadde stått på lager
- ei eldre ståande rundstrikkemaskin (NTMT.08953)
- Stoll flatstrikkemaskin med holkort (NTMT.02364)
- tvinnemaskina (NTMT.00081), som hadde motorproblem
- ei av dei nyare sokkestrikkemaskinene (NTMT.00191)



*Gjennomgang av gjenstands/maskinlager.*



*Arbeid med maskiner på strikkeloftet.*

- ståande rundstrikkemaskin, NTMT.08951
- ståande rundstrikkemaskin, NTMT.02357
- hengande rundstrikkemaskin, NTMT.00653
- sokkestrikkemaskin (NTMT.00477) og sokkesymaskin (NTMT.00479)

## Forvaltning: bygg og anlegg

*Mål: Vi skal samarbeide tett med fylket i ivaretakinga av eit freda industrianlegg, og leggje til rette for kompetanseheving innan antikvarisk bygningsvern med midlar frå post 72. Vidare skal vi halde opp det faglege fokuset på FDV-registrering i Primus. Vi skal òg ha høgt fokus på å førebygge brann og flaumskadar. Vi skal halde fram fokuset på asbestsanering i fabrikkbygget.*

Vi har hatt eit godt samarbeid med Vestland fylkeskommune om fabrikkbygget Salhus Tricotagefabrik i løpet av året, og det er sendt eigne rapportar og dispensasjonssøknadar for dette arbeidet. Under følgjer eit kort samandrag. Anlegget har i dag to bygningar med tilstandsgrad 3, grunna nyleg avdekka utfordringar. Det er blitt utført utbetrande tiltak på begge desse i løpet av året, men arbeidet er ikkje fullført. For fabrikkbygningen sin del er vidare tiltak avhengig av at det først blir gjennomført asbestsanering i lokala.

Avdelinga har fått hjelp frå andre avdelingar i MUHO til å fylle tomrommet etter handverkar som har vore i permisjon hausten 2022. Dette har hjulpet oss i ein overgangsfase, men det blir avgjerande å få ein fast tilsett i stillinga i 2023, då dette saman med usikre straumutgifter, også har ført til at vi har måtta utsetje ein del planlagt arbeid. Istandsettingsprosjekta vi fekk støtte til i 2022 måtte utsettast til 2023, delvis grunna usikker økonomi og straumprisar, og arbeidskapasitet. Vi måtte dessverre sei ifrå oss tildelte midlar til nytt sprinkleranlegg i fabrikk, då asbesten i fabrikk gjer det vanskeleg å installere eit nytt anlegg. Då var det ekstra gledeleg at vi gjennom omdisponering av sikringsmidlar frå Kulturrådet endeleg fekk oppgradert brannalarmsentralen på anlegget i 2022, samtidig med ei oppgradering på Bevaringstenestene.

### Asbest

Vi har gjennomført kurs og fått løyve av Arbeidstilsynet til å gjennomføre arbeid med asbest – det vil seie fjerning av asbesthaldig støv på overflater og gjenstandar i lokala der det er asbest, som eit forarbeid til sanering av bygningsmateriala. Sanering i karderiet i Fabrikbygg 1900 er utsett til tidleg 2023. I etterkant av overflatisk reingjering (som vi gjer med eigne arbeidskrefter) vil Saneringsgruppen AS fjerne asbesthaldig golvmasse i 1.etg. i 1900-bygget.

### Straumsparing

Trass i alle berg-og-dalbanar vi har vore gjennom når det gjeld straum i 2022, enda vi opp på ein totalkostnad som ikkje var så mykje høgare enn dei opphaveleg budsjetterte kr. 500 000 (584 459 kr). Viktige investeringar i varmpumper og LED-lys har vore avgjerande for å halde desse kostnadene nede og under nokolunde kontroll både i 2022, og vidare i åra som kjem.



*Nokre av dei nye varmepumpene som vart installert i 2022: innedel på syloftet, og utedelar på fabrikkbygningen mot sjøen.*

Vi har også heldt fram arbeidet med å sette inn varevindauge i Fabrikkbygg 1910 for å minske varmetap. Ti nye varmepumper vart installert sommaren 2022, og ombygging av prioriterte lysarmatur ulike stader til LED, i tillegg til reversibel tildekking av opne parti i fabrikklokala for å hindre varmetap, endra rutinar med meir. Alle moner dreg, men varmepumpene dreg aller mest, og etter installasjon har vi brukt rundt 35 % mindre straum der dei er installert, og hatt ein 26 % reduksjon samanlikna med 2021, året sett under eitt.

## Utvendig arbeid

- skifta ut rote materiale i taket til uthuset til **Skåldalshuset** og lagt ny takpapp
- laga nytt flettverk (espalier) i tre under altanen på **Lærarbustaden**, og sett i stand baksida av taket grunna råteskader. Framsida er planlagt gjennomført i 2023.
- **Fabrikkbygg 1900**: etter rapporten om bereevna til bygget frå Multiconsult i 2021, har vi tatt ned delar av kledningen for å undersøke om det var skråavstivarar på plass, noko det heldigvis var. Dermed må resten av tiltaka for å sikre bereevna til bygningen takast frå innsida, etter asbestsanering i 1. og 2. etg.
- **Fabrikkbygg 1953**: lekkasje i takrenna og i betongveggen mot sjøen, og vassinntrenging i tak i kafeen. Installert nye takrenner i kopar og utbetring av betongveggen. Det er også vaska, måla og reparert bom i betong på **Fabrikkbygg 1932** mot sjøen, og **Fabrikkbygg 1927** mot museumsinngangen.

- **Uteområdet:** Etter nye steinfall i skråninga bak Lagerbygg 1954 i 2022 fekk vi omdisponere midlar til reinsking og fjerning av vegetasjon i fjellsida, utført av Sartor Drange AS. Arbeid med sikring av mur i vegen over fabrikkanlegget, og regelmessig kontroll og tømning av steinfang



*Sikring av skråninga bak skuret.*

## Innvendig arbeid

- **Fabrikkbygg 1910: montering av innervindaug** i alle dei 19 vindauga på strikkeloftet, og 5 på spoleloftet, med støtte frå Bergen kommune. Å setje inn glas, kitte, måle og montere har vore eit omfattande arbeid, og saman med varmpumpene i rommet, vil det hjelpe oss å halde ein jamn innetemperatur og minske varmetap frå dei store fabrikkvindauga.
- **Fabrikkbygg 1910: Rehabilitering av golv og søylepunkt i karderiet** (del 3/4), med støtte frå Bergen kommune heldt vi fram å utbetre dårleg understøtting og nye golvbjelkar pga. råte og lite utlufting. Det inneber graving og fjerning av mykje fuktig masse, og utskifting av dårlege golvplankar. No er heile området lengst bort mot det eldste karderiet i Fabrikkbygg 1900 og fram mot trappa til 2. etasje sett i stand, og det som står att er området under den lange ringspinnemaskina i lokalet.
- **Kveldheim:** riving av nedsenka himling i tre rom i 1.etg. i 1866-delen av Kveldheim, for å sette taket tilbake til slik det var då huset vart flytta i 1939.
- **Skulehus frå 1878:** rehabilitert røyr/sluk, opprydding etter tilbakeslag av kloakk i kjellaren.
- **Innvendig arbeid i Arbeidarbustad 1860:** fullført målearbeid og tilpassingar på kjøkken, listverk for tilbakeføring av leilegheit E til ca. 1936.

## Forsking og dokumentasjon: fagleg arbeid

*Mål frå KUD-søknaden 2022: Med fagleg arbeid og samarbeid med eksterne nettverk og FoU-sektoren sikrar vi meir kunnskap om eigne samlingar, som òg skal styrke formidlinga og samlingsforvaltninga. Mål TIM: Arbeide med å samle meir kunnskap kring korleis TIM kan bli ansvarsmuseum innan Industriarven i Vestland. Midlane frå Vestland fylke er sentrale. Konservatortittel: 1 person.*

### Faglege prosjekt og publisering

To tilsette ved TIM deltek i det nasjonale nettverksprosjektet [Bærekraftige energinarrativer – industrimuseer møter klimakrisen](#), i regi av Nettverk for teknologi og industrihistorie, og har delteke på seminar og arbeidsmøte i løpet av året. Her har vi utarbeidd «Buksa mi», eit undervisningsopplegg om klede i samarbeid med Arbeidermuseet ved Oslo museum, og ei kartlegging av klimaendringane sin plass i musea i Nettverk for teknologi- og industrihistorie, i samarbeid med Norsk Teknisk Museum. Vi deltek òg i *Forslingsinfrastruktur for musea i Vestland*: IH har delteke på skrivesamling i Stordalen saman med Forskingssamarbeid i Vestland, og starta arbeidet med ein artikkel knytt til pilotprosjektet «Buksa mi», som vart testa ut på Sagene skole i Oslo. Lausarbeidar-prosjektet i Nettverk for arbeiderkultur har levert artiklar/kapittel til forlag som no skal sendast til fagfelle vurdering, inkludert IH sin artikkel. HD har delteke på MUSE 620 *Å forske i og på museum* på UiB. Grunna mykje anna arbeid og pågåande prosjekt, er fullføring av prosjektet *Kartlegging av industriarven i Vestland* utsett til våren 2023.



*Bedriftsbesøk hos aluminiumsbedrifta Speira Holmestrand (tidlegare Hydro), under seminar i prosjektet Bærekraftige energinarrativer, april 2022. Foto: Stig Storheil.*

## Eigeninntekter & profilering

### Museumsbutikken

Januar starta med vareteljning og registrering, og MUHO si butikk-gruppe hadde ein ekskursjon til museumsbutikker i Bergen sentrum, for inspirasjon og å orientere seg i marknaden. Ein ny og spanande partner i 2022 fann vi i Anette Berge/Abrado Wood (dreining i tre), som no leverer ei rekkje produkt relatert til strikking til oss; pinnehaldarar, nåle-etui, stoppe-egg og snurrebassar, alt laga i lokalt tre: naudsynt hogst eller lokalt nedfallsmateriale. Elles har vi hatt betre budsjett og moglegheit til å fylle på mange andre varer i løpet av året.

Det har generelt vore godt sal i butikken i 2022, og med det behov for påfyll av eigenproduserte og kjøpte varer. Vi ser at det er dei eigenproduserte varene som sel mest, men at det samstundes er viktig at vi fornyar oss. Her ser vi òg at vi bør utarbeide klare avtalar for honorering av nye strikkeoppskrifter: dette er tidkrevjande om det skal gjerast innafor ordinær arbeidstid, og ei honorering vil kunne setje ei klar økonomisk ramme for kor mykje ein skal bruke på det per år.

Innan produksjon av eigne varer har vi blant anna:

- utarbeidd nye oppskrifter i Museumsvinn: Siri-lue, Pastellputa og Nisselue for barn, alle designa av SAG
- laga strikkepakkar og skjerf i nye fargar

- tvinna og hespa mykje Museumstvinngarn
- vurdert betre løysingar for det tradisjonelle Salhus-tøyet i annan garnkvalitet og nye fargar. Utprøving av stoff strikka på dei små rundstrikkemaskinane for gengersaum er også i gong, og Norlender har prøvevaska
- gjort ei større bestilling av garn frå Hillesvåg for å sikre råvarer til produksjonen gjennom hausten og vinteren
- strikka opp mengder med nye sokkar i fem ulike typar (tjukke og tynne til dame, herre og barn)

Sidan to tilsette både arbeider med produksjon og butikk, og samstundes deltek i drifta av formidlinga og Galleri Salhus, er sentrale personalressursar i MUHO sin nettbutikk og gruppa for museumsbutikker, har dei opplevd å stå i spenn mellom forventinga innan formidling og butikk (TIM og i MUHO). Det har elles gått med ein god del tid til opplæring av nytilsette guidar, og fleire av våre faste og nye guidar har vore til god hjelp med produksjonsoppgåver, spesielt under sjukemelding i slutten av året.

Arrangement som strikkeworkshop for amerikanske gruppe på strikketur i Noreg, stand på Strikkernes Marked på Bergen Kjøtt 11.09., og Strikkelaurdag på museet 01.10 har vore viktige for botnlinja til butikken. Det var brukande sal i butikken fram til siste opningsdag 13.des. og vårt Lucia-arrangement. Vi har også hatt noko sal gjennom nettbutikken og nettbutikken si deltaking på Bergen Julemarked på Festplassen. Vi laga til julebutikk med tilbod i museumsbutikken, som opna 27. nov. Det har vore stor etterspurnad etter våre tjukke sokkar, og utvalet vart litt utplukka på storleikar og fargar på tampen av 2022, men vi gjorde alt vi hadde kapasitet til å gjere med dei ressursane vi hadde til rådvelde. LK har også vore til stor hjelp med vasking, damping og merking av sokkar til butikken.

## Marknadsføring

På TIM har marknadsføring mellom anna dreia seg om: SoMe, filmar for MUHO, utarbeiding av annonsar for TIM og i MUHO, og kommunikasjon med Visit Bergen. Etter sommaren vart ansvaret for felles marknadsføring i MUHO overført til VUS.

## Mangfald og inkludering

Vi tilbyr jamleg gratis inngang sundagar med mål om breiare inkludering, og gir gratis inngang til alle flyktningar. TIM har hatt ein deltakar frå Frisk Utvikling i arbeidstrening i produksjon og kafé (mai og juni). Vi brukar mangfaldsplakaten i planlegging av arrangement og besøk, og har i 2022 hatt eigne omvisingar med tolk på ukrainsk og juleaktivitet ein laurdag før jul.

## Samarbeid og oppgåver på tvers i MUHO

## Verv

- Fagleg leiar og nestleiar i MUHO: Ann Kristin Ramstrøm (t.o.m. sommar 2022)
- Marknadsføringsansvarleg i MUHO: Ellen Marie Fiære Risbruna (t.o.m. sommar 2022)
- Butikkgruppa i MUHO: Anneli Belsvik Aras (leiar)
- Formidlingsgruppa i MUHO: Ingrid Haugrønning (leiar)
- Samlingsgruppa i MUHO: Hanne Dale (leiar)
- Hovudverneombod for MUHO: Bjørnar Myklebust (t.o.m. haust 2022)
- Tillitsvald Forskerforbundet: Ingrid Haugrønning
- Tilsette sin representant i MUHO sitt styre: Hanne Dale + ARP-rapportering i MUHO
- Turkomiteen 2023: Hanne Dale.

Tilsette på TIM bidreg òg til fleire av prosjekta i strategiprosessen. Desse finn de i dokumenta og implementeringskanvas frå strategiprosessen.



## Kommentar til budsjett

TIM kom ut av 2021 med ca. 500 000 i egenkapital, og hadde slik sett eit godt utgangspunkt for 2022. Men med kutt i lønsmidlar over Post 72, uvisse rundt straumprisar og søking om omdisponering av midlar frå VLFK til straum, samt store endringar og utfordringar på personalsida, har 2022 vore eit år det har vore vanskeleg å til ei kvar tid halde oversikt over og tryggleik i avdelinga sin økonomi. Tilsetjingsstopp og sjukepengar har også gjort sitt til at utgangen av 2022 gjev eit godt resultat på botnlinja. Økonomien rundt fleire arrangement har blitt styrka av støtte frå BK, Fritt Ord og BKH. Mange besøk av cruise-grupper frå mai-oktober har bidrege godt til inntektene i museumsbutikken vår. Resultatet for 2022 viser at TIM har gått med eit overskot på kr. 923 000, og med det auka eigenkapitalen til ca. kr. 1 420 000. Det gjev eit svært godt utgangspunkt for 2023.

### Oppsummering 2022:

I 2022 kom vi endeleg ut av pandemien, som sterkt prega 2020, 2021 og starten på 2022. Tilpassing til, og det å finne tryggleik i, den nye normaltilstanden har kravd sitt av oss alle. Kanskje opplevde vi det både som godt og skummelt å opne dørene for større grupper og skuleklassar, men etter kvart klarte vi å senke skuldrene og glede oss over å ha større publikumsgrupper på besøk igjen. Publikumstala er på god veg oppover, sjølv om vi ikkje er heilt på 2019-nivå. Lærarstreiken sommaren og hausten 2022 har nok frårøva oss eit potensielt noko betre besøkstal. Vi har klart å avvikle ei rekkje arrangement i trygge rammer, vi har gjort mykje godt arbeid på samling, bygg og vedlikehald. Vi har engasjerte og kunnskapsrike tilsette, som strekkjer seg langt og er løysingsorienterte når det røyner på. Det er ein viktig verdi å ivareta!